

MOGELEGHEITSSTUDIE

STASJONSOMRÅDET BYGLANDSFJORD

2020



INNHALD

1.	INNLEIING	3
	1.1. Samandrag	3
	1.2. Formål.....	4
	1.3. Organisasjon.....	4
2.	BEHOV/INNSPEL	5
3.	BAKGRUNN	6
	3.1. Byglandsfjord – Transportknutepunkt i Setesdal.....	6
	3.2. Livet rundt stasjonen	8
4.	DAGENS SITUASJON – DET FREDA OMRÅDET	11
5.	MOGELEGHEITAR - UTEOMRÅDET	12
	5.1. Stasjonsdagen	12
	5.2. Den rekonstruerte hagen.....	13
	5.3. Uteområdet	14
6.	MOGELEGHEITER - BYGNINGANE	16
	6.1. Stasjonsbygningen.....	16
	6.2. Lokstallen.....	19
	6.3. Pakkhuset	20
	6.4. Priveten.....	21
	6.5. Svingskiva.....	22
	6.6. Brygga/Bjoren	23
7.	Å KOMME I GANG	24
8.	VEGEN VIDARE	25
	8.1. Økonomi.....	25
	8.2. Prioriteringar	26
	8.3. Vern av bygda - aktivitetar for bygdefolket.....	26
	8.4. Vern av bygga - samferdselshistorie	26
9.	VEDLEGG	26

SETESDAL



1. INNLEIING

1.1. Samandrag

Prosjekthuset AS, saman med Dagfin Skaar AS, har i oppdrag frå Bygland kommune utarbeida eit mogelegheitsstudie for utnytting av stasjonsområdet på Byglandsfjord.

Frå før av var det oppretta ei arbeidsgruppe for utvikling av stasjonsområdet, og denne gruppa har vore ein viktig bidragsytar i prosjektet. I tillegg har det vore ei brei involvering i prosjektet, både frå lokale innbyggjarar, næringsliv og turisme. Bygland kommune hadde allereie ein god del innspel frå barne- og ungdomsskulen ifbm Barnetråkk – revidering av kommuneplanen. Fagleg kompetanse innan kulturminne har vore viktig å involvere heilt frå starten, slik at forslaga er gjennomførbare med tanke på dei freda bygningane og området. Fredinga gjer at sjølv små grep må vere reversible.

Forslaga som har kome inn saman med arbeidsgruppa sine innspel har vorte systematisert og vurdert. Det er viktig å huske på samlokalisering og fleirbruksprinsippet i eit slikt område med få fastbuande. Det viktigaste er at ein kjem i gang med noko og vi har difor konsentrert oss om dei enkle grepa som kan gjerast med små middel. Det tyder ikkje at ein ikkje skal sjå vidare og ha større vyar.

- Møteplass - for både unge og eldre. Dei ynskjer ein plass å samlast til sosialt samvær og hygge. Ein enkel kafé i stasjonshuset og kan hende litt servering i pakkhuset kan vera ein god start
- Turområde med benkar og bord til å sitje ute. Planlagt turløype langs fjorden kan passe fint inn med stasjonsområdet
- Parkanlegg – historisk hage, opparbeide delar av den gamle stasjonshagen som høyrte til stasjonen. Arbeidet med hagen kan setjast i gong etter hageplanen og kanskje kan nokre frivillige hjelpe til med drifta
- Museum – tema samferdsel (tog/Setesdalsbanen, båt/Bjoren, buss/Setesdal Bilruter)
- Kunstutstilling
- Oppgradere og take vare på dei gamle bygningane.

Agder fylkeskommune har gjeve økonomisk støtte til prosjektet og har i tillegg bidrege med gode innspel undervegs i arbeidet og, ikkje minst, utarbeida den flotte hageplanen.


Bygland, 10.02.2021



Tone Straume Wikeland



Eirin Reinskov



Anita Ommundsen

1.2. Formål

Formålet med prosjektet er å belyse mogelegheiter og potensiale som ligg i bygningane og i området. Moglegheitsstudiet skal få fram korleis ein kan best leggje til rette for aktivitet, samstundes som ein tek vare på det autentiske stasjonsmiljøet og dei freda bygningane. Den beste form for bevaring er å ta bygningane i bruk.

Stasjonsområdet ligg i nærmiljøet til mange av innbyggjarane på Byglandsfjord. Området har eit potensiale som møteplass og arena for aktivitetar som vil kome både fastbuande og turistar til gode. Det er ynskjeleg å vise fram det fine området, dei gamle stasjonsbygningane og historia som fylgjer jernbanen og Byglandsfjord.

1.3. Organisasjon

Prosjekthuset AS v/Tone Straume Wikeland har saman med Anita Ommundsen og Eirin Reinskou frå Dagfin Skaar AS jobba med mogelegheitsstudiet og har laga rapporten.

Ei arbeidsgruppe har vore med og gjeve gode innspel. Gruppa har bestått av representantar frå Bygland kommune, grendelaget, båtforeininga, lokal historikar og entusiast. Gruppa har også vore representert med representant frå Agder fylkeskommune.

Medlemene i arbeidsgruppa: Beate Messel Waarøe, Reidar Tveito, Einar Gudmundsson, Kirsten Jeanette Lømsland, Anne Fauske og Kjell Øyvind Berg.

Sonja Lien Skjevraak har i tillegg til å vere med i arbeidsgruppa vore prosjektleiar frå Bygland kommunen.

Agder fylkeskommune v/rådgjevar Diderik Cappelen har vore behjelpeleg med fagleg råd og innspel, og fylkeskommunen har stilt ledige ressursar til rådighet utover arbeidsgruppa. Landskapsarkitekt Siri Skagestad har utforma forslag til stasjonshagen etter innspel frå eit møte vi hadde med Jorunn Greibesland.

Arbeidsgruppa hadde gjennomført to arbeidsmøte før Prosjekthuset kom inn i prosjektet.

Det har i prosjektarbeidet vorte halde møter og idémyldring i tillegg til fleire synfaringar i området.

Vi har gått breitt ut med informasjon om prosjektet, og vi har bedt om å få tilbakemelding og innspel via:

- Info på kommunen si heimeside
- Direkte kontakt med barneskulen
- Direkte kontakt med ungdomsskuleelevar
- Direkte kontakt med dagens brukarar
- Direkte kontakt med næringslivet
- Oppslag på lokalbutikken
- Reportasje i Setesdølen
- Innslag i NRK Sørlandssendinga


2. BEHOV/INNSPEL

Innspel som har kome inn og som vi har tru på at kan jobbast vidare med:

- Møteplass, dette gjeld både for unge og eldre. Dei ynskjer ein plass å samlast til sosialt samvær og hygge
 - Kafé, pub, ungdomsklubb
- Turområde med benkar og bord til å sitje på ute. Planlagt turløype langs fjorden kan passe fint inn med stasjonsområdet
- Parkanlegg – historisk hage, opparbeide delar av den gamle stasjonshagen som høyrte til stasjonen
- Museum – tema samferdsel (tog/Setesdalsbanen, båt/Bjoren, buss/Setesdal Bilruter), her har det også kome framlegg om:
 - Modell av Setesdalsbanen
 - Legging av nokre skinner langsmed perrongen med eit lokomotiv
 - Istandsetting av brygge for Bjoren
- Kunstutstilling
- Turistinformasjon
- Bjoren – billettsal
- Oppgradere og take vare på dei gamle bygningane
- Badeplass
- Fiskemogelegheter - Byglandsfjordbleka
- Kano, båtutleige
- Informasjon om området

3. BAKGRUNN


3.1. Byglandsfjord – Transportknutepunkt i Setesdal



- Setesdalsbanen
- Båt på Byglandsfjord
- Buss opp til Hovden

Byglandsfjord i Noreg og i Agder

Kjelde: Kartverket/
Norkart



Byglandsfjord st.

Evje st.

Hornnes st.

Moisund st.

Aust-Agder
Vest-Agder

Hageland st.

Iveland st.

Røyknes st.

Grovane st.

Vikeland st.

Mosby st.

Kristiansand st.


Setesdalsbanens rutenett
Kartet er litt gjengrodd, så stasjoner er påført ved siden av

Kjelde: Setesdalsbanens venner

3.2. *Livet rundt stasjonen*

Byglandsfjord stasjon er fredda av di den er eit viktig døme på eit samferdselsanlegg frå slutten av 1900-talet. Målet med den store utbygginga av offentlege kommunikasjonar på denne tida var ikkje berre å syte for transport, men i minst like stor grad å byggje ein ny nasjon. Difor vart dei beste arkitektane sett i sving for å teikne stasjonar og det arkitektoniske uttrykket peika attende på stolte norske byggetradisjonar frå mellomalderen.

Det vart etter kvart ein heil liten by rundt dette transportknutepunktet som batt saman toget sørover til Kristiansand, båten på Byglandsfjord og rutebilen nordover i Setesdal. I 1942 var det forretningar, verkstader, hotell og kaféar i den vesle bygdebyen.




Byglandsfjord jernbanerestaurant
Reklame frå 1942 med sjarmerande trykkfeil

(*Dei raude tala viser til kartet på side 8*)

Kjelde: Beate M. Waarøe

Setesdalsbanen, som var den siste smalspora jernbanen i vanleg drift vart nedlagd i 1962. Etter det var ikkje lenger Byglandsfjord eit knutepunkt i Setesdal.

Byglandsfjord har i dag om lag 350 innbyggjarar.



Reklame for buss- og båttilbodet i Byglandsfjord 1942

Kjelde: Beate M. Waarøe

Reklame for verksemder i Byglandsfjord i 1942

15


SVERRE STAALESEN

BYGLANDSFJORD
Telefon nr. 28



SYKKELVERKSTED
Montering av sykkelen
«Stjerna» Reparasjoner

2



OLAF G. ABUSDAL & CO.

BYGLANDSFJORD
Telefon nr. 7

10

10



BYGLANDSFJORD
TELEFON NR. 10

TRYGVE HERMANSEN

BILREKVISITA
GUMMILAGER
BENSINSTASJON

Tobakk - Frukt - Diverse handel

8

Gro Austad

Byglandsfjord - Telefon nr. 19



Godt utvalg i:
Manufaktur - Trikotasje
og DAMEKONFEKSJON

9 Marcus ERIKSEN

Elektriske artikler

ARER
ARER
T Ø Y
VARER
forretning

11

ERLING NORDGÅRD

BYGLANDSFJORD
TELEFON 8



17

BYGLANDSFJORD BRODERI
& MOTEFORRETNING

BYGLANDSFJORD
Telefon nr. 3



Salg fra butikke!

14

TORJUS G. DALE

BYGLANDSFJORD

SKOMAKERARBEIDE

Syng av nytt og
REPARASJONER




5

HOTELL BREIDABLIKK

BYGLANDSFJORD
TELEFON NR. 2
INNEHAVER:
FRU ANNA SYVÆRTSEN

Åpent
HELE ÅRET



13

RAGNA FISKA


Kranssebinderi - Byglandsfjord



BESTILLINGER MOTTAS

TRYGVE HERMANSEN
BAKERI OG
KAFFISTOVE

Kjilde: Beate M. Waarøe



Kjelde: Reidar Larsen

Kartet syner kor desse verksemdene var plassert i Byglandsfjord og gjer oss inntrykk av eit levande samfunn. I dag er det berre att Setesdal meieri, sjølv om Byglandsfjord Sag er flytta ut av sentrum og bygd opp av heilt nye eigarinteresser.

3



SETESDAL MEIERI
BYGLANDSFJORD
Telefon 26

FLØTEMEIERI
OG SMØRLAG

1

**BYGLANDSFJORD
DAMPSAG & HØVLERI**

BYGLANDSFJORD
ETABL. 1898

SAGBRUK
HØVLERI
KASSEFABRIKK

Alle sorter høvlede og uhøvlede bygningsmaterier samt listverk

HUNTONITPLATER

UTSALG I KRISTIANSAND S.
Vesterv. 5 - Tlf. 2496

Reklame for Setesdal meieri og Byglandsfjord dampsag & høvleri 1942

Kjelde: Beate M. Waarøe

4. DAGENS SITUASJON – DET FREDA OMRÅDET

Stasjonsområdet på Byglandsfjord er eit område på ca 17 daa og består av to eigedomar, 69/173 og 69/48. Bygningane (utanom bygning nr.8875987) og eit avgrensa område rundt er freda etter kulturminnelova. Vedtak om freding er datert 05.01.2004. I gjeldande reguleringsplan er formålet med området sett til «antikvarisk spesialområde».

Området ligg nærme båtbygga, slik at dei som kjem til Byglandsfjord med båt, kjem direkte inn i stasjonsområdet. Området er i gangavstand til lokalbutikken, Revsnes hotell og bygga til dampbåten Bjoren. Det er noko aktivitet i bygningane i dag (bibliotek, grendehus, eldresenter og møtelokale).

Det føreligg ein tilstandsrapport som seier litt om bygningane sin tilstand, men den er nokre år gamal og bør kanskje vurderast på nytt.

Priveten er den bygningen som treng oppgradering snarast mogeleg, elles vil den truleg kollapse i nær framtid.


Stasjonsbygningen er etter forholda i god stand, og vert i dag nytta til bibliotek. Kvar tysdag vert det arrangert bokkafé i lokala. Biblioteket med sine mange bøker tek i dag mykje av plassen og skjuler mykje av det fine interiøret i bygningen.

2.etg har tidlegare vorte nytta av Bjorens venner, men leilegheita kan ikkje brukast til overnatting pga brannforskrifta. Leilegheita er derfor ikkje noko særleg i bruk p.t.

Pakkhuset vert nytta til fleire formål, med anna av Avdeling for psykisk helse som bruker lokala til sine treff og aktivitetar. Pensjonistar bruker også Pakkhuset til ymse treff. I tillegg vert huset leigd ut til ulike selskap.

Lokstallen er pussa opp av grendelaget og vert nytta til ulike selskap og sosiale samankomstar, også denne bygningen er etter forholda i god stand.

Stasjonshagen er ein del av området innafor områdefredinga. Denne er tilgrodd, men framleis er det tre og buskar frå den opphavelige hagen som ein kan finne att.



Freda objekt

1. Privet
2. Stasjonsbygning
3. Pakkhus
4. Lokstall
5. Plattform lasterampe
6. Områdefredning

Kjelde:Riksantikvaren

5. MOGELEGHEITAR - UTEOMRÅDET

5.1. Stasjonshagen

Opphavelag var områda rundt stasjonsbygningen ofte anlagt som stasjonsparkar med slyngande stiar mm. Dei var anlagt slik at dei reisande kunne vandre i parken medan dei venta på at toget skulle skiftes, gods skulle lastast eller lossast, vatn og kol skulle fyllast på damplokomotivet osv.

Etter kvart vart det umoderne å promenerere i parkar, så dei slyngande stiane grodde ofte att og stasjonsparkane gjekk etter kvart over til å bli hage tilknytta stasjonsmeisterleilegheita – altså «stasjonshagar».

Stasjonshagen på Byglandsfjord fekk i 1958 diplom frå NSB for vakkert og velstelt hageanlegg. Det er difor naturleg å tenkje at det i si tid var ein veletablert hage med god utforming.


Rekonstruksjonen av hageanlegget i Byglandsfjord tek utgangspunkt i bilete frå Setesdalsbanens nettsamling og private bilete frå Jorun Greibesland. Ho budde i stasjonsbygningen frå 1939 til 1957.

Den rekonstruerte hagen tek difor utgangspunkt i korleis hagen såg ut omkring 1940-1960.



Stasjonshagen
Stasjon og hage på 60-tallet.


Foto: Setesdalsbanens nettsamling



Gjerdestolpe
Jorun Greibesland i hagen i 1940 med gjerde i bakgrunnen. Gjerdestolpane ligg i kjellaren på stasjonen

Kjelde: Jorun Greibesland og Agder fylkeskommune

5.2. Den rekonstruerte hagen



Hageplan utarebeidd av Agder fylkeskommune v/landskapsark. Siri Skagestein

Her er det planlagt både nyttevekstar og blomar. Det er føreslege ein hage som skal vere lett å stelle og halde ved like. Det er også lagt inn leikeplass for barn og vandresti frå hagen inne på området og ned til Byglandsfjord. Slik får ein knytta den fine nye turvegen langsmed fjorden saman med stasjonen. Hageplanen er eige vedlegg.

Planteforslaga tek utgangspunkt i informasjon frå Jorun Greibesland med tradisjonelle blomar og historiske roser som blømer lenge og dufter godt.



Blomar
Historiske staudar og roser

Foto: Agder fylkeskommune

5.3. Uteområdet




Foto: Tone Straume Wikeland, Facebook – Setesdalsbanens venner, Bjorens venner, Stasjonen/Kilefjord, Hadeland glassverk, Raufoss, Bygland bryggeri, Smaken av Setesdal

Uteområdet er godt egna til tur og rekreasjon, og med gode sitjeplassar og leikeapparat som vist på hageplanen vil området bli attraktivt å bruke. Kommunen har planar om ein tursti forbi området langs fjorden, og den vil passe godt inn i desse planane. Turstien er planlagt med god belysning, og det same må gjelde for stasjonsområde då fleire barn og unge har kommentert at dei tykkjer området er mørkt og litt skummelt i dag.

Parkering – bør organiserast på f.eks andre sida av vegen på kommunen si tomt eller sør ved svingskiva.

På framsida av stasjonsbygningen foreslår vi at det vert lagt ut eit lengre strekk med togskiner, og at det kjem ei togvogn (tømmervogn) som kan plasserast på skinnene. Det aller beste hadde vore å få plassert eit lokomotiv til utstilling.

Skilt-tavle med dei ulike forretningane som eksisterte på Byglandsfjord kan setjast opp i nordenden av hageanlegget, eller som oppslag på tavla framom stasjonsbygningen.

Vidare opprusting av området rundt stasjonsområdet og opp Strandgata mot gamle Breidablikk og brygga til Bjoren er eit ynskje frå mange fastbuande. Her kan ein sjå føre seg at det vert skilta oppover Strandgata med dei aktuelle forretningane som i si tid var etablert i dette området.

Stasjonsområdet er godt egna til å arrangere ulike type samlingar, og gjerne etter årstida. Som t.d. jolemarknad, REKO-ring, sommarfest/dans. Vitensenteret Sør kan stille opp med ulike aktivitetar for barn og ungdom dersom dei vert kontakte i god tid før årsplanane blir lagt.

Ein god idé kan vera skilting av stasjonsområde ved Rv9 i rundkøyringa – setje opp eit «signalmonument» i rundkøyring med tema: Samferdsel – tog/buss/båt.



Rundkøyring

Rundkøyringa ved Barbubukt i Arendal er eit godt døme på historieforteljing i kvardagsleg, moderne drakt.

Bilete: Google Maps



Eller kombinert med eit lokomotiv på skinnene? Det synast betre!

Bilete: Google

6. MOGLEGHEITER - BYGNINGANE


6.1. Stasjonsbygningen

Bygningen er flott både på utsida og innsida. For å kome i gang med noko meir verksemd så raskt som mogleg kunne ein til dømes utvide opningstida til bokkaféen med fleire dagar og kan hende servert litt bakverk til kaffien. I dag fyller bøker mykje av plassen, men desse kunne gjerne vorte lagra på eit fjernlager. Eit moderne bibliotek er ein møteplass og ikkje eit boklager. Enkle bibliotek med lett servering og berre nokre få bøker har utvikla seg til viktige møteplassar mange stadar. Vi foreslår altså å rydde vekk ein god del av bøkene til eit «fjernlager» (nede i Pakkuset f.eks) og behalde nokre få bøker som står samla ein plass (Kontoret.....?).



Stasjonsbygningen
Bileta viser stasjonen
frå sida mot perrongen
(med ur) og mot hagen.

Foto: Tone Straume
Wikeland



Stasjonsbygningen
Ark. Paul Dues teikning.
Interessant nok er det
berre venterom for
andre og tredje klasse

Kjelde: Riksantikvaren

Når ein ser litt vidare kan ein tenkje seg at ein i den gamle matsalen (mot nord) kan lage ein enkel kiosk med kaffi, brus, is (turistsesong) og setje inn små kafébord. Andre funksjonar som naturleg kan høyre til i dette lokalet er t.d.: billettsal til Bjoren, Turistinformasjon, sal av lokale matvarer.

Kontorarealet (i midten) kan ein nytte til kunstutstilling, og salg, av lokale kunstnarar. Til dømes bunad, sylv, måleri, bilete, foto, keramikk.

Venteromet III kl. (mot sør) kan nyttast til kunstutstilling til meir profesjonelle kunstnarar. I turistsesongen kan ein også vise fram sylvsmedarbeid, der sylvsmeden sjølv sit og arbeider slik at turistar kan fylgje med på arbeidsprosessen.



Interiør

Her ser vi det gamle kontoret med blå veggjar og den vakre lysekrona i venteromet for andre klasse.

Foto: Tone Straume Wikeland



Interiørdetaljar

Her heng rutekart for Setesdalsbanen og eit staseleg veggur

Foto: Tone Straume Wikeland

2. etasje


Leilegheit i 2.etg kan vere eit fint klubblokale for t.d. Bjorens venner eller andre lag og foreiningar.

Her må ein ha ein brannteknisk utgreiing dersom det skal nyttast til overnatting.



Andre etasje
Fine mogleigheiter som klubbrom eller liknande

Foto: Tone Straume
Wikeland



**Stasjonsbygningen,
andre etasje**
Stasjonsmeisterbustad
Ark. Paul Dues teikning.

Kjelde: Riksantikvaren

6.2. Lokstallen



Lokstallen
Forsamlingslokale for
grendelaget

Foto: Tone Straume
Wikeland



Lokstallen
Stort ope areal med ei
lita scene og eige
kjøkken

Foto: Tone Straume
Wikeland

Lokstallen bør ein framleis bruke til grendehus og forsamlingslokale, men kan også vere eit egna lokale til utstilling av samferdselshistoria på Byglandsfjord. Denne utstillinga bør kunne setjast vekk ved behov eller i bestemte tidsperiodar.

Ei utstilling om Byglandsfjordsbleka kunne vere interessant sidan bleka høyrer naturleg til i Byglandsfjorden.

Ved eventuelle framsyningar av musikk og dans (ifbm Unesco-prosjektet) er det greitt å bruke dette lokalet då det allereie er etablert ei lita scene inne i salen.

6.3. Pakkhuset



Pakkhuset
Fint eksteriør, men slite
på innsida.

Foto: Tone Straume
Wikeland

Pakkhuset treng ei oppussing innvendig (i tillegg til ytre) då interiøret ber preg av «lappverk». Ulike fargar og materiale er bruka, møblar og pynt av ymse slag er plassert inne i lokalet. Det beste hadde vore å teke ei full renovering innvendig, for å få eit tiltalande lokale som ligg fint til med god utsikt til fjorden. Dersom ein ikkje finn økonomi til ei slik full renovering kan ein begynne med maling, men golvet burde skiftast. I dag er det eit glatt belegg med eit magnetfelt (tidlegare i bruk ifbm elektrisk rullestol) som fort blir glatt å gå på.

Dette lokalet er det som egner seg best til kafé/pub, og i turistsesongen bør det vere mogeleg å tilby ein enkel meny til turistar og fastbuande. Då med fokus på lokal mat og råvarer, og ikkje for avansert mat då kjøkkenet ikkje er stort slik det er i dag. Med Setesdal Meieri like i nærleiken og bleka som «kortreist» fisk kan ein sjå føre seg at menyen kan vere: rjomegraut, spekemat, fisk, vaflar og kanelsnurr. Mat som er enkel å varme opp og setje fram.

«Stasjonspub» kan vere mogeleg å ha open enkelte dagar, og kanskje spesielt i turistsesongen med turistar frå Neset camping som aktuelle gjestar. Her kunne ein ha servert lokalt og kortreist øl frå Bygland bryggeri.

Ungdomsklubb med sal/servering av pizza og brus og kan hende spelkveldar -LAN- kan også passe godt inn i lokala. Gjerne med noko aktivitet, som spel, quiz osv. Eller kva med kulturskule? Leikarring?

Dette lokalet passer godt til møteplass som så mange ynskjer:

- Pensjonisttreff
- Ungdomsklubb
- Pub (lokalt øl frå Bygland bryggeri)
- Kafé/restaurant i turistsesongen med enkel servering av lokalmat
- Psykisk helse – disponerer 1-2 rom mot sør (lavt tilbygg)
- Målekurs, anna kursaktivitet?

6.4. Priveten



Priveten
«Setesdals finaste do».

Foto: Tone Straume
Wikeland

Toga som gjekk på Setesdalsbanen hadde kupear med inngang frå togsida, dvs. karetvogner utan gjennomgåande korridor som i dag. Difor var det ikkje toalett på toga og dei reisande måtte nytte priveten (utedoen) på stasjonen til dette. Den gamle priveten i Byglandsfjord er i skrøpeleg forfatning. Her trengs det snarleg vedlikehald og restaurering før heile bygningen kollapsar. Priveten bør byggjast opp til eit funksjonelt og «moderne» toalettanlegg, men i gamal stil. Området treng eit godt sanitæranlegg dersom aktiviteten på området tek seg opp.

Bygningen er dessutan så flott at den vil kunne verte ein attraksjon i seg sjølv, «Setesdals finaste do», eller kanskje Noregs finaste?


6.5. Svingskiva



Svingskiva

Skiva er borte, men steinsettinga rundt er der framleis. Bilete til høgre viser svingskiva på Grovane.

Foto: Tone Straume Wikeland



Bilete til venstre

Damplokomotiv nr. 5 på svingskiva på Byglandsfjord stasjon i 1960

Foto: Svend Jørgensen/ Norsk jernbanemuseum



Bilete til høgre

Damplokomotiv på svingskiva på Grovane stasjon i dag

Foto: www.barnibyen.no

Svingskiva bør byggjast opp att, men utan svingfunksjonen då det vil vere unødvendig kostbart. Ved å bruke gamle materiale og gamle togskiner vil ein få eit godt inntrykk av korleis svingskiva var i bruk. Sporvekslar er det sikkert også mogeleg å få tak i ved hjelp frå Jernbanens venner.

6.6. Brygga/Bjoren



Brygge for Bjoren
Brygge ved Breidablikk er intakt, men brygge ved Stasjonsområdet er ikkje lenger intakt.

Foto: Tone Straume
Wikeland, Facebook –
Bjorens Venner

Historia seier at på det meste var båtane innom fleire bryggjer langs fjorden: Gullsmedmoen, Byglandsfjord, Horverak, Dale, Frøyra, Skjevra, Grendi, Longera, Lauvda, Bygland, Åraksbø, Frøysnes, Haslebakken, Ose og Granheim.

På Byglandsfjord la Bjoren til brygge ved stasjonsområdet når toget kom for å losse varer. Etter at Bjoren var ferdig med av- og pålasting køyrte den vidare opp til brygge ved Breidablikk der passasjerane kom om bord etter ein rusletur oppover Strandgata.

Dagens brygge til Bjoren ligg oppe ved gamle Breidablikk, men det hadde vore ynskjeleg å få restaurert den gamle brygge nede ved Pakkuset. Dette ville ha tilført området ein ekstra verdi ved at Bjoren kunne leggje til brygge ved stasjonsområdet. Rekonstruert brygge er ein viktig del av historieforteljinga og vil skape liv på området. Toget og båten vil lyfte kvarandre og gje ein betre forståing av samferdselsknutepunktet som Byglandsfjord i si tid var.

7. Å KOMME I GANG

Det er viktig å kome i gang med noko og det bør vera enkelt og rimeleg.

Eit tiltak kan vere å setje i gong med ein litt utvida bokkafé eit par gongar i veka. Mange bibliotek på mindre stader fungerer i dag som slike møteplassar. Her er gjerne berre dei største bestselgarane på plass saman med avisar og enkel servering. Bøker kan oppbevarast i fjernlager eller kan hende i Bygland og så tek bibliotekar opp bestilling på bøker. Alt ein treng er nokre frivillige med ein kaffitraktar og eit vaffeljern; salet kan finansiere råvarene og innkjøp av litt utstyr etter kvart.

På Grovane stasjon har ein pussa opp ein liten kafé i stasjonsbygningen og i den vesle byen Strathpeffer i Skottland har ein, nett som i Byglandsfjord, ein nedlagt stasjon på smalspora bane. Denne banen frakta turistar opp til ferie i Høglandet og hadde si glanstid frå om lag 1870 og fram til 1920-åra då folk heller ville dra til Alpane. Spora er i dag borte med den sjarmerande stasjonsbygningen husar ein liten enkel kafé og butikk. Her er det lokale kreftar som lagar god og enkel heimelagd mat. Ein liten plakattel historia til stasjonen og det er forslag til tur i nærleiken.



Kaféen på Grovane stasjon
Enkel og grei

Foto: Tone S. Wikeland



Strathpeffer Station kafé
Ein liten og enkel kafé

Foto: Strathpeffer Station

Dette tydar ikkje at ein skal legge bort større planar, men vil gjere det mogleg å kome i gang. Sjekk også ut Eidsfoss – ein sjarmerande stad - <https://www.visitvestfold.com/eidsfoss>

8. VEGEN VIDARE

Bruk og vern av stasjonsområdet passer veldig godt med Agder fylkeskommune sin «Regionplan Agder 2030».

Eit av dei fem satsingsområdene i planen er KULTUR. Her står det at «God forvaltning av verdifull kystkultur og kulturarv i indre bygder styrker den regionale identiteten og stoltheten». To av dei måla som er lista opp under dette satsingsområdet kan ein knytte direkte til stasjonsområdet:

MÅL: Verdiskapingen knyttet til kystkultur, kulturarv i indre bygder og trehusbyene har økt.

- ➔ Jobbe for at riksvei 9 gjennom Setesdal får status som nasjonal turistvei.
- ➔ Jobbe aktivt for at uthavnene og Setesdalskulturen kommer på UNESCOs liste over henholdsvis verdensarv og immateriell kulturarv; dette siste er no vedteke.

MÅL: Samarbeidet mellom kultursektoren og reiselivet om kulturturisme har oppnådd nasjonal status

- ➔ Tilrettelegge kulturelle satsinger og regionens kulturarv for helhetlig attraksjonsutvikling.

8.1. Økonomi

Det er ikkje nokon løyndom at det er lite middel å henta til desse formåla. Prosjektgruppa kjenner ikkje til at det er større midlar øyremerka til dette prosjektet; det er difor det er viktig å kunne setja i gang med noko som ikkje krev mykje kapital.

Nokre moglegheiter for å få støtte kan vere:

- ➔ Jernbanedirektoratet ved Norsk Jernbanemuseum. Dette ser ut til å passe bra for å få liv i stasjonsområdet fordi ein ikkje søker om støtte til drift eller vedlikehald.
- ➔ Kulturminnevern - Riksantikvaren – søke heile året, men fortrinnsvis fyrste halvår:
<https://www.riksantikvaren.no/veileder/post-77-verdiskaping-pa-kulturmiljoomradet/>
- ➔ Spillemidler
- ➔ Tilskot til tiltak i statleg sikra friluftslivsområde – Miljødirektoratet, søknadsfrist 15.januar kvart år. Meir informasjon kan ein finne her:
 - <https://soknadssenter.miljodirektoratet.no/>
 - <https://www.miljodirektoratet.no/myndigheter/friluftsliv/>
- ➔ Tilskot til tilrettelegging for friluftsliv. Søknadsfrist er 1. februar kvart år, og søknad sendast via skjema på www.agderfk.no.
- ➔ Den kulturelle skolesekken eller den kulturelle spaserstokken; her satsar dei gjerne på tilbod som kan skape kontakt mellom generasjonane
- ➔ Kan hende kan lokale verksemder trå til med å leggja spor/sviller eller kan hende få på plass ei ny svingskive, materiale til rabattert pris?
- ➔ Involvere eksisterande serveringsverksemder til å stå for matsal/serveringa i Pakkhuset

Vurdering av kostnadsbiletet for å setja i stand og pusse opp den freda stasjonen skikkeleg ligg ikkje inne i prosjektet, men prosjektgruppa består av ein arkitekt og to byggingeniørar og sjølv ein rask visuell synfaring avslørar at dette vil koste titals millionar.

8.2. Prioriteringar

Prioriteringane er todelte; på den eine sida er innbyggjarane sine ønskjer om meir liv i bygda og på den anna sida er verneomsyna. Nokre av desse er samanfallande slik som oppussing av Pakkhuset.

8.3. Vern av bygda - aktivitetar for bygdefolket

1. Enkel kafé i Stasjonsbygningen 1.etg – biblioteket bør komprimerast/«fjernlager»
2. Pakkhuset – pusse opp interiør og lage pub/kafé/aktivitetsrom, opprusting av lokalet utvendig
3. Etablering av historisk hage og uteområdet med sitjeplassar og aktivitetsutstyr; dette er også mogleg å utføre delvis på dugnad
4. Lokstallen – samferdselsutstilling

8.4. Vern av bygga - samferdselshistorie

1. Priveten – denne bygningen må restaurerast snarast mogeleg før den kollapsar totalt. Det ytre skalet bør restaurerast slik at lekkasje o.a vert tetta, og så får ein heller vurdere om det innvendige (interiør, innreiing) må utsetjast pga økonomi. Bygningsvernsenteret på Rysstad er ei mogeleg ressurs, og ein annan ressurs er KVS på Bygland. Kan ein få til eit samarbeid med dei for å få ned kostnaden?
2. Pakkhuset – pusse opp interiør og lage pub/kafé/aktivitetsrom, opprusting av lokalet utvendig
3. Stasjonsbygningen – generell oppussing
4. Brygga til Bjoren
5. Svingskiva

Det må understrekast at bygga er nedslitne og at ein større oppussing bør utførast i løpet av nokre år.

9. VEDLEGG

Vedlegg 1: Områdeplan

Vedlegg 2: Hageplan med beskrivelse

Vedlegg 3: Dokumentasjon av bygningane – Roslands Arkitektkontor